



Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2025/1180-1
Saksbehandlar: Hogne Haugsdal
Avdeling: Austevoll kommune

SAKSFRAMLEGG

Framtid Austevoll omstillingsprosjekt - presentasjon av
prosjektrapport

Utval

Formannskapet

Kommunestyret

Partsamansett utval

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Austevoll kommunestyre tar delrapport 1, økonomisk handlingsrom, til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med tiltaka og legge fram ein plan for gjennomføring og realisering i løpet av hausten 2025.
- Kommunestyret tar delrapport 2, evaluering og justering av administrativ organisering, til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med å utvikle ei framtidretta organisering. Økonomiske konsekvensar av organisatoriske endringar må løftast fram i 2. tertialrapport eller i budsjettprosessen haust 2025.
- Austevoll kommunestyre vedtar at det ikkje blir etablert ei næringsdrivande fastlegeliste i Bekkjarvik, i tråd med vurderingane i prosjektet.
- Austevoll kommunestyre vedtar at Framtid Austevoll omstillingsprosjektet går over i fase 2, med særleg fokus på gjennomføring og realisering. Formannskapet held fram som politisk styringsgruppe, og kommunedirektøren legg fram eit mandat for det vidare arbeidet i første politiske møte haust 2025.

Politisk behandling

Saka skal til uttale i partsamansett utval.

Saka skal innstilling i formannskapet.

Endeleg vedtak i saka blir fatta av kommunestyret.

Kort samandrag

Med bakgrunn i nytt inntektssystem, der Austevoll kommune vil tape om lag kr 28 mill årleg, vedtok kommunestyret i juni 2024 (sak 62/24) å etablere eit prosjekt som skal vurdere den langsiktige økonomiske utviklinga til kommunen. Mandat for prosjektet vedtok kommunestyret i september 2024 (sak 109/24), og det blei sett av kr 1 mill til ekstern bistand. KS Konsulent vant oppdraget og dei starta sitt førebunde arbeid i desember 2024.

Arbeidet med prosjektet er gjennomført i perioden januar til mai 2025. Formannskapet har vore politisk styringsgruppe, og det har vore ei administrativ prosjektorganisering med overordna prosjektgruppe, sektorvise arbeidsverkstadar og tiltaksgrupper. Prosjektet fekk namnet «Framtid Austevoll – omstillingsprosjektet», og mandatet er brukt aktivt i prosessen. Målet har vore å finne økonomiske tiltak, som kan redusere dei varige driftskostnadane med minst kr 50 mill (delrapport 1). I tillegg har prosjektet evaluert den administrative organiseringa og kome med innspel på organisatoriske endringar (delrapport 2).

Endeleg prosjektrapport, som blir presentert i denne saka, viser at kommunen har eit innsparingspotensial på kr 38,1 mill. Innsparingar i 2025 vil kome i tillegg, slik at det totale beløpet blir over kr 50 mill. Rapporten viser også at det er behov for å justere den administrative organiseringa, endre på leiarstruktur, ansvar og fullmakter for å møte utfordringar i framtida og gjennomføre mange av dei økonomiske tiltaka som ligg i delrapport 1. Prosjektrapporten er eit viktig kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet i neste fase, som skal handle om gjennomføring og realisering av tiltak. Mange av dei økonomiske tiltaka må kommunen til dømes ta med i økonomiplanarbeidet dei neste åra.

I denne politiske saka skal kommunestyret som prosjekteigar vurdere om prosjektet har levert i tråd med mandatet. I tillegg skal kommunestyret vedta vegen vidare for omstillingsprosjektet Framtid Austevoll.

Saksopplysningar

Bakgrunn og sakshistorikk

I sak 62/24 revidert budsjett, vedtar kommunestyret at det blir etablert eit prosjekt som skal vurdere den langsiktige økonomiske utviklinga til kommunen, med formannskapet som styringsgruppe. Dette er med bakgrunn i nytt inntektssystem som Stortinget vedtok i juni 2024. I september 2024 (sak 109/24) vedtar kommunestyret følgjande mandat for prosjektet:

1. Sikre økonomisk handlingsrom og berekraftig økonomisk utvikling

- Prosjektet skal gjennomføre økonomiske analyser og samanlikne ressursbruk og ressursfordeling i Austevoll kommune. Samanlikninga skal skje med utvalde kommunar og ved bruk av ulike statistikk- og analyseverktøy, som til dømes KOSTRA, kommunebarometeret og kommuneindeksen.
- Prosjektet skal vurdere aktuelle område og potensialet for nye inntekter, som til dømes eigedomsskatt.
- Prosjektet skal legge fram forslag til tiltak som kan redusere dei varige driftskostnadane med minst kr 50 mill.

2. Sikre ei framtidsretta organisering av kommunen

Prosjektet skal evaluere dagens administrative organisering og vurdere det opp mot framtidige kompetansebehov. Prosjektet skal mellom anna vurdere følgjande tema:

- Leiarstruktur, tal leiarnivå, avgjerdsnivå og kontrollspenn
- Storleik på sektorar og einingar
- Behovet for stabs- og støttefunksjonar
- Struktur på tenester og effektiv oppgåveløysing
- Framtidig behov for kompetanse i kommunen sine tenester
- Handlingsrommet for bruk av digitalisering og innovative løysingar

Prosjektet skal kome med tilrådingar til organisatoriske prinsipp og organisatoriske endringar. Mandatet kan bli justert i løpet av prosessen, og det er den politiske styringsgruppa som skal godkjenne ev. justeringar.

Gjennomføring av omstillingsprosjektet Framtid Austevoll

Det blei sett av kr 1 mill til ekstern bistand, og KS Konsulent (KSK) blei samarbeidspartnar gjennom ein konkurranse. KSK hadde sin første presentasjon for politisk styringsgruppe i november 2024. Prosjektet har fått namnet Framtid Austevoll omstillingsprosjektet.

Prosjektet har hatt ei administrativ organisering med ei overordna prosjektgruppe, bestående av kommunedirektøren si leiargruppe, to hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Arbeidet med økonomisk analyse og organisasjonsanalyse er gjennomført via sektorvise arbeidsverkstadar, og det blei gjennomført 4 arbeidsverkstadar per sektor. I tillegg er det etablert tiltaksgrupper som har analysert ulike tiltak ytterlegare. Prosjektet har presentert status og analyser for politisk styringsgruppe på alle formannskapsmøta våren 2025, og for kommunestyret i april. Det er også gjennomført fleire høyringsrundar i organisasjonen på det grunnlaget som prosjektet har jobba fram, dette gjeld både økonomisk analyse og organisasjonsanalyse.

Resultat delrapport 1 – økonomiske handlingsrom

I tråd med mandatet har prosjektet gjennomført økonomiske analyser for å samanlikne ressursbruk og ressursfordeling i Austevoll kommune. Prosjektet valde å samanlikne Austevoll med Sveio kommune og Nannestad kommune, då dette er kommunar som i stor grad er lik Austevoll og som driv effektivt. I tillegg er det samanlikna med KOSTRA-gruppe 2

og landet utan Oslo. Rapporten viser at Austevoll har eit innsparingspotensial på kr 34 mill samanlikna med Sveio og kr 78 mill samanlikna med Nannestad.

Dei sektorvise arbeidsverkstadane har jobba målretta med dei økonomiske analysane, der dei har vurdert no-situasjonen og ein ønska framtidssituasjon. Dette er ei utfordringsbeskriving som er viktig i det vidare arbeidet både med tanke på økonomi og organisering.

1. Sektor Helse og velferd

Sektor helse og velferd står framfor store utfordringar i åra som kjem, med demografiendringar, etterspurnad etter tenester og kamp om arbeidskraft. Denne sektoren har jobba med tre tiltaksområde i prosjektet:

Tiltaksområde	Beskriving	Økonomisk innsparing	Aktuelle tiltak
1. Forvaltning og tildeling	Tildeling av tenester er inngangen til dei ulike tenestene og avgjerande for kor mange som får tenester, og kor mykje tenester kvar enkelt får, og om tenestene er riktig og førebyggjande	Kr 7 mill	<ul style="list-style-type: none"> - Organisere tildeling og forvaltning i ei eining - Etablere tverrfaglege vurderingsteam for nye søknader. - Velferdsteknologi som første val i alle vurderingar - Strengare praksis for bruk av institusjonsplass og korttidsopphald.
2. Berekraftig pleie- og omsorgstenester.	Mange samtidige utfordringar med fleire eldre og vekst i yngre brukarar. Ressursar må utnyttast effektiv og kommunen må rekruttere og halde på personell.	Kr 1,5 mill	<ul style="list-style-type: none"> - Samordne nattenester i felles team, med omlegging av bemanningsplanar og turnus. - Tiltak for å redusere sjukefråvær og styrke nærvær.
3. Berekraftig sosialteneste	Kraftig vekst i utgifter til sosialtenester, og driv dyrt innan rus og psykiatri og flyktningeteneste	Kr 4 mill	<ul style="list-style-type: none"> - Samordne bustadforvaltning - Revidere og standardisere praksis for sosialhjelp. - Stramme inn praksis for særtiltak i flyktningetenesten. - Auka bruk av statlege ordningar framfor kommunal forskuttering.
Total innsparing		Kr 12,5 mill	

2. Sektor samfunnsutvikling

Denne sektoren har gjennom prosjektet jobba med tre tiltaksområde:

Tiltaksområde	Beskriving	Økonomisk effekt	Aktuelle tiltak
1. Idrettsanlegg	Austevoll har særst høge utgifter til idrettsanlegg. Det er uklare driftsavtalar mellom kommune og idrettslag. Høge kostnadar med drift, straum, vedlikehald og hærverk.	Kr 2,5 mill	<ul style="list-style-type: none">- Redusere og oppdatere alle driftsavtalar med idrettslag.- Redusere tal idrettsanlegg som kommunen driftar.- Etablere system for energistyring og automatisert lyskontroll.- Innføre krav om økonomisk rapportering frå idrettsanlegg.
2. Eigedomsstrategi og eigedomsforvaltning.	Kommunen bruker 48 mill på vedlikehald, drift og eigedomsforvaltning. Lite strategisk tilnærming i utvikling og forvaltning. Kan redusere tal kvm, i dag er det 34.200 kvm. Kostnad per kvm er kr 1400.	Kr 9,2 mill	<ul style="list-style-type: none">- Utvikle og forankre ein samla eigedomsstrategi- Selje og redusere lite brukte bygg og areal.- Innføre objektbudsjettering og ansvarleggjere drift.- Innføre fagsystem og bookingsystem.- Gjennomføre ENØK-tiltak og energistyring- Installere kamera i utsette bygg og anlegg.
3. Kommunale gebyr	Det er potensiale til å dekke kommunen sine kostnadar gjennom gebyrinntekter. Det kan vere eit mål med 100% sjølvkost og forbetre styringa gjennom digitale verktøy og oppdaterte satsar	Kr 1,4 mill	<ul style="list-style-type: none">- Auka omfang av gebyr- Utleige kommunale bygg- Parkeringsavgift- Gå gjennom plan- og byggesaksgebyr- Brukarbetaling omsorgsbustadar.
Total innsparing		Kr 13,1 mill	

3. Sektor oppvekst

I sektor oppvekst er det også jobba med tre tiltaksområde:

Tiltaksområde	Beskriving	Økonomisk effekt	Aktuelle tiltak
1. Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)	Effekt av ITO er varierende, og flest moglege elevar skal lykkast innafor rammene av den ordinære undervisninga. Kommunen har høg del elevar med ITO og ressursbruk til spesialundervisning i barnehage.	Kr 6,5 mill	<ul style="list-style-type: none"> - Vidareføre tolærarsystem i småskulen. - Systematisk styrking av språkarbeid i barnehage. - Fast til stades av PPT i skular og barnehagar. - Tidleg kartlegging og felles plan for overgang barnehage – skule. - Kompetanseutvikling i inkluderande undervisning - Redusere bruk av styrka tilbod og auke fleksibilitet i basisbemanning i barnehagar.
2. Fleirspråklege elevar i grunnskulen.	Aukande del fleirspråklege elevar. Morsmålsopplæring blir gitt berre til små grupper, og det manglar struktur og koordinering i ITO-tilbodet. Ressursbruk er høg, med organiseringa er lite målretta og effekt er uklar. Vaksenopplæringa har relevant kompetanse som i liten grad blir utnytta, og flyktningearbeidet og grunnskulen sin innsats er dårleg koordinert.	Kr 2 mill	<ul style="list-style-type: none"> - Styrke bruk av kompetanse i vaksenopplæring. - Samordne innsatsen mellom flyktningeteneste, skule og vaksenopplæring.
3. Fleksibel bruk av kompetanse i oppvekstsektor	Det er behov for å utnytte den samla kompetansen betre, særleg mellom lærar, PPT, barnevern, helsesjukepleie og kulturskule. Stikkord er tidleg innsats, samhandling og førebygging.	Kr 3 mill	<ul style="list-style-type: none"> - Etablere tverrfaglege team fast i skulen og tverrfaglege fleksible team rundt elevar. - Redusere tal møter og styrke samordning. - Fleksibel bruk av kulturskule og VO - Sambruk av lokaler og aktivitetar på tvers.
Total		Kr 11,5 mill	

4. Administrasjon, stab, støtte og politisk styring

- Innanfor adm, stab, støtte og politisk styring har prosjektet arbeida mest med effektivisering av arbeidsprosessar som kan redusere tidsbruk og frigjere kapasitet til andre oppgåver.
- Moglegheit for effektivisering er særleg knytt til betre arbeidsprosessar og bruk av digitalisering/KI.
- I delrapport 2 er det foreslått endring av organisering av adm, stab og støtte for å sikre meir heilskapleg styring av ressursane, auka effektivitet, redusert sårbarheit og auka fleksibilitet.
- Det er foreslått ei innsparing på kr 800.000 som følgje av digitalisering/bruk av KI
- I tillegg er det foreslått ei innsparing på kr 200.000 på politisk styring.
- Totalt er det lagt inn kr 1 mill i innsparing på adm, stab og støtte.

5. Samla innsparingspotensiale for alle område

Totalt sett legg KS Konsulent fram eit samla innsparingspotensiale på kr 38,1 mill i delrapport 1. Tidsramme for realisering av dei ulike tiltaka er alt frå 1 – 5 år. Rapporten synleggjer også ulike indikatorar som bør følgjast med på, for å sjå om utviklinga går i riktig retning.

Delrapport 2 – evaluering og justering av administrativ organisering

I tråd med mandatet har prosjektet evaluert dagens administrative organisering, og organiseringa er vurdert opp mot ulike tema som er beskrive i mandatet. Prosjektet har utarbeida mål og prinsipp for organiseringa, og dette vil fungere som eit fundament og «kompass» i utvikling av organisasjonen.

1. I evalueringa av dagens organisering presenterer prosjektet nokre hovudfunn (hovudutfordringar):

- Fleirtalet ser den overordna hovudstrukturen for organisering med tre sektorar som føremålstenleg.
- Det er mange små og sårbare einingar/fagområde/funksjonar– samanslåing er ønskjeleg for å oppnå forenkling og effektivisering, og at organisasjonen vert mindre sårbar og meir koordinert.
- Delvis uklar leiarstruktur, roller, ansvar og mynde
- Bruk av fagarbeidarar, sjukepleiarar og pedagogar i helse og velferd og oppvekst, kultur og fritid kan med fordel nyttast meir fleksibelt. Mange ønskjer mindre silo-tenking og meir arbeid på tvers av einingar og sektorar.
- Tildelingsmodell og praksis i helse og velferd er uklar og delt på fleire einingar
- Høg bruk av assistentar i skule - viktig å sjå nærare på dette.
- Behov for å dreie PPT si rolle mot meir rådgjeving og systemisk arbeid
- Behov for å klargjere arbeidsdeling mellom adm, stab og støtte og einingane ute i sektorane. Dette gjeld faglege oppgåver og administrative oppgåver.
- Organisasjonen er ikkje tilstrekkeleg rigga for digitalisering og bruk av KI. Fare for at organisasjonen ikkje får effekt og arbeider på «gamal måte».

- Behov for å jobbe meir på tvers, men tverrfagleg team er i liten grad systematisert og ikkje godt nok forankra i overordna mål og strategiar.

2. Framlegg til justeringar og endringar av administrativ organisering, som skal bidra til å løysa utfordringane (hovudfunna).

Det er KS Konsulent sine vurderingar og anbefalingar som blir presentert i delrapport 2 om administrativ organisering. Sjølv om prosjektet har hatt prosessar, innspel og høyringsrundar undervegs, er det KS Konsulent si samla vurdering som ligg i rapporten. Grunnlaget for vurderingane er mellom anna ei spørjeundersøking blant leiarar, ulike rådgjevarar, tillitsvalde og verneombod, i tillegg til arbeidsverkstadar, diskusjon i prosjektgruppe og direkte dialog med kommunedirektør. KS Konsulent har også lagt vekt på å foreslå ei organisering som kan bidra til å løyse mange av dei utfordringane og tiltaka som er skissert i delrapport 1.

Framlegg til ny organisasjonsstruktur

KS Konsulent fremjar to moglege strategiar for justering av sjølve organisasjonsstrukturen (side 8 i delrapport 2). Dei anbefalar følgjande modell:

- Halde fram med tre kommunalområde (sektorar) med kvar sin kommunalsjef.
- Samle adm, stab og støtte under ein felles stabsleiar
- Redusere talet på einingar
- Samle fleire funksjonar og avdelingar under nokre av einingane.
- Supplere med faste tverrfaglege team for å styrke koordinering og sikre meir fleksibel ressursbruk.

Andre framlegg til endringar:

- Tydeleggjere leiarstrukturen med tre nivå. Leiarar på nivå 1 og 2 skal ha eit gjennomgåande og heilskapleg leiaransvar. Einingsleiarrolla skal vere meir strategisk, og ha fokus på strategi, system og utvikling.
- Det blir lagt opp til færre leiarar i kommunedirektøren si leiargruppe og færre einingsleiarar.
- Leiarnivå 3 blir tilpassa dei behov einingsleiar og organisasjonen har for støtte og delegering. Her vil det vere mogleg å «skreddarsy» roller etter behov.
- Rolle, oppgåver, fullmakter, ansvar og mynde til leiarane skal tydeleggjerast, til dømes innan økonomi, personal og fag.
- For å styrke tverrfagleg samarbeid, blir det foreslått å etablere ein modell med tverrfaglege team. Teama skal løyse oppgåver på tvers av linjeorganisasjonen. Det blir lagt opp til mellombelse team og faste team. Faste team skal vere synleg i organisasjonskartet og ha eit tydeleg mandat.
- **For sektor oppvekst** er det foreslått å samle helsestasjon, barnevern, PPT, psykisk helse og rus og kommunepsykolog i ei felles eining kalla «Barn og familie». Dette for å sikre betre samhandling og koordinering, noko som også kjem fram i delrapport 1. I tillegg blir det forslått å flytte kultur, kulturskule, bibliotek og Austevollbadet til ei ny eining under sektor samfunnsutvikling. For vaksenopplæring er det foreslått å vurdere modellar som kan styrke integreringsarbeidet. KSK anbefalar å starte eit

prosjekt for å vurdere «Vaksdal-modellen» med flyktningekoordinator, NAV og vaksenopplæring i eiga avdeling.

- **For sektor helse og velferd** er det foreslått å samle legetenesta og jordmor i ei ny eining kalla «helsefremming». Ergo- og fysioterapeut held fram som eiga eining, men endrar namn til rehabilitering. NAV, PO-senter og miljøarbeidartenesta held fram som egne einingar. I tråd med anbefaling i delrapport 1 blir forvaltning og tildeling etablert som ei samla fagavdeling i stab til kommunalsjef. Frivilligheit blir flytta til den nye eininga kultur og folkehelse i sektor samfunnsutvikling.
- **For sektor samfunnsutvikling** er det foreslått å etablere ei ny eining for kultur og folkehelse der ein samlar folkehelse, kulturforvaltning, frivilligheit, fritid, kulturskule, bibliotek og Austevollbadet. For å sikre betre utvikling og forvaltning av kommunen sine eigedomar, bygg, vegar og hamner, er det foreslått å samle alle eigedomsrelaterte fagområde i ein ny eining kalla «eigedom, veg og drift». Det er også foreslått å skilje plan, byggesak og klagehandsaming. Planlegging er eit viktig strategisk verktøy for å sikre målretta utvikling av kommunen, og forslaget er å organisere all planlegging som eit eige fagmiljø i stab til kommunalsjef. Det same gjeld for klagehandsaming og tilsyn etter plan- og bygningslova.
- **For administrasjon og støttetenester** er det foreslått å samle alt under ei felles leiing med ein stabsleiar. KS Konsulent foreslår ikkje ei ny stilling, men omgjerung av eksisterande stillingsheimel med rekruttering internt. Bakgrunn for ei slik endring er å sikre betre samhandling og koordinering, i tillegg til at organisering kan bli meir fleksibel og robust. Stabsorganisasjonen får namnet «Administrasjon, stab og styring», og organisasjonen skal mellom anna bidra til å underbygge alle styringsprosessane i heile kommunen. Ein ny stabsleiar vil få ansvaret for å organisere og tilpasse stabs- og støttetenestene.

I rapporten er det lagt inn forslag til endringar og justeringar både på einings- og avdelingsnivå på kvar sektor. KS konsulent tilrår å bruke dette som eit kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet med organisasjonsendringane. I første omgang bør ein avklare den overordna organisasjonsstrukturen. Kommunalsjefar og stabsleiar (om dette vert vedtatt) får ansvar for å leie prosessen i neste fase med å utforme endeleg forslag til einingar og avdelingar, inkludert bruk av tverrfaglege team. Det er også ein føresetnad at det vidare arbeidet vert gjennomført i nært samarbeid med tillitsvalde og verneombod.

3. Etablering av legekontor i Bekkjarvik

I sak 158/24 vedtok kommunestyret følgjande:

1. Austevoll kommunestyre vedtar at Austevoll kommune sin organisering av legeteneste skal vurderast i samband med prosjektet «langsiktig økonomisk utvikling» som er påbegynt og estimert ferdig i løpet av 1. kvartal 2025.
2. Austevoll kommunestyre er grunnleggjande positiv til private fastlegar i Bekkjarvik, dersom dette kan realiserast utan ekstra kostnad for kommunen. Kommunestyret vil komme tilbake til det etter utredning i omstillingsprosjektet første halvår 2025 og dersom det blir ledige lister som kan lysast ut.

KS Konsulent har gjennom omstillingsprosjektet vurdert organisering av legetenesta med ei etablering av ein næringsdrivande lege i eit legekontor i Bekkjarvik. Her er KSK sin samla vurdering:

- Tilgang: Å etablere legekontor i Bekkjarvik vil gje gevinstar på tilgang for innbyggjar og gjestar frå maritim næring, som ønskjer å nytte fastlegetenester og legetenester i dette området. Det vil også auka valfridomen – ein kan velje mellom to ulike legekontor.
- For dei andre fem kriteria som KS Konsulent meiner at Austevoll kommune særleg bør leggje vekt på i vurderinga: Kvalitetar på lokalar og utstyr, fagmiljø og kvalitet på legetenesta, driftskostnadar, rekruttering, og tenesteintegrasjon, så meiner KSK at kommunen klart vil vinne på å vidareføre modellen med berre eitt legekontor der ressursar og fagmiljø er samla. Sjå tabell på side 42 i delrapport 2 for vurdering av dei ulike kriteria.
- KSK si samla vurdering er at kommunen har organisert legetenesta på ein god måte gjennom helsehuset med m.a. samlokalisering av legekontor og legevakt. Kommunen ligg langt framme når det gjeld å nytte sjukepleiarkompetansen og å arbeide tverrfagleg. Kontoret klarar å rekruttere legar og legg til rette for spesialisering av legar som gjev høg kvalitet på tenestene. Eitt legekontor gjev den mest kostnadseffektive og minst sårbare drifta. Framtidas legar ønskjer å arbeide i eitt fagmiljø som gjev høve til fagleg støtte, rettleiing og læring. Eitt stort fagmiljø er også meir gjennomsiktig og gjev høgare pasienttryggleik. Eitt legesenter vil også gjere det lettare å få til ei samla utvikling av helse og omsorgstenestene i tråd med lokale og nasjonale politiske målsetjingar.

Vurderingsdel

Kommunedirektøren si vurdering av delrapport 1 og 2

Innleiingsvis er det viktig å presisere at det er KS Konsulent sine vurderingar og anbefalingar som er presentert i prosjektrapporten for Framtid Austevoll. Sjølv om organisasjonen, leiarar, tillitsvalde og verneombod har vore aktivt med i prosjektet, er det ikkje tatt stilling til kva for endringar som skal/bør gjennomførast, og det er heller ikkje gjennomført formelle drøftingar med tillitsvalde etter gjeldande avtaleverk.

Kommunedirektøren si vurdering i denne politiske saka er derfor ei første innleiande vurdering både av innhald og prosess, i tillegg til at kommunedirektøren vil kome med tilråding til vegen vidare. Framlegg til konkrete endringar må kome i eigne prosessar i neste fase av prosjektet. Mellom anna skal det utarbeidast ei omstillingshandbok som skal beskrive lovverk, rammer og spelereglar i omstillingsarbeidet. Tillitsvalde og verneombod skal vere aktivt med i arbeidet med å utarbeide ei omstillingshandbok og i sjølve omstillingsprosessane.

1. Vurdering av delrapport 1 – økonomisk handlingsrom

Målet med prosjektet har vore å sikre økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomisk utvikling av kommunen. Nytt inntektssystem bidrar til mindre inntekter og endra

rammevilkår, og kommunen må ta grep for å omstille organisasjonen. Prosjektet skal synleggjere tiltak som kan redusere dei varige driftskostnadane med minst kr 50 mill. I delrapport 1 er det lagt fram eit innsparingspotensial på kr 38,1 mill. Målet på kr 50 mill blei sett før innsparingstiltaka for 2025 var avklart. Kommunedirektøren vurderer det slik at talet på kr 38,1 mill kjem i tillegg til nokre av dei innsparingstiltaka som blir gjennomført i 2025, slik at totalen blir over kr 50 mill.

Tiltaka som er presentert i delrapport 1 handlar mykje om korleis organisasjonen bør jobbe og samhandle betre for sikre effektive og riktige tenester til innbyggjarane. I analysen av dagens situasjon, som sektorane sjølv har bidratt til, blir det generelt peika på fragmentert ansvar, uklare roller, lite strategisk tilnærming, manglande samhandling og koordinering, manglande system og rutinar, adhoc-løysingar, manglande bruk av digitale løysingar, manglar på strategiske planar, manglande oversikt og uklare avtalar. For å kunne hente ut økonomiske gevinstar på dei tiltaka som er foreslått, må kommunen organisere arbeidet og samhandle på tvers på ein heilt anna måte enn i dag. Det er derfor ei tett kopling mellom tiltak i delrapport 1 og framlegg til endringar av administrativ organisering og leiarstruktur i delrapport 2. KS Konsulent har også vurdert tidsramme for realisering av dei ulike tiltaka, og dette er eit langsiktig utviklingsarbeid som stekker seg 1 – 5 år fram i tid. Dette betyr at tiltaka bør vurderast i samband med økonomiplanprosessane dei neste åra.

Mange av tiltaka som er foreslått rettar seg direkte inn mot måten kommunen tildeler og gir tenester til innbyggjarane. I dag blir det truleg gitt tenester til brukarar som ikkje kvalifiserer for det, og mange vedtak blir ikkje evaluert og avslutta. Skal ein hente ut økonomiske gevinstar og bidra til redusert resursbruk må det skje endringar på fleire område, både i forhold til kven som får tenester, kva tenester kommunen gir og korleis tenestene blir gitt. Dette vil vere endringar som kan vere krevjande å stå i, og her må kommunen kommunisere aktivt med innbyggjarar og brukarar for å skape ei best mogleg forståing.

Prosjektet har ikkje vurdert inntekspotensiale med eigedomsskatt. Kommunedirektøren foreslår at det blir lagt fram ei utrekning på dette i samband med økonomiplanprosessen haust 2025, om kommunestyret ønskjer det.

Kommunedirektøren ser at organisasjonen må jobbe vidare med dei tiltaka som ligg i delrapport 1, og fleire av dei heng saman med endringar i den administrative organiseringa. Det bør derfor leggest fram ein konkret plan for gjennomføring og realisering av tiltak.

Kommunedirektøren si tilråding: Austevoll kommunestyre tar delrapport 1, økonomisk handlingsrom, til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med tiltaka og legge fram ein plan for gjennomføring og realisering i løpet av hausten 2025.

2. Vurdering av delrapport 2 – evaluering og justering av administrativ organisering

I tråd med kommunelova og vedtatt delegering til kommunedirektør (sak 35/25), er det kommunedirektøren sitt ansvar å leie den samla kommunale administrasjonen (med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei instruksar, retningsliner eller pålegg kommunestyret gir), som også inkluderer ansvaret for å organisere kommunen. Kommunestyret set dei økonomiske rammene for drift av den samla organisasjonen.

Målet for del 2 i prosjektet har vore å evaluere dagens administrative organisering opp mot ulike tema. I tillegg skal prosjektet foreslå organisatoriske prinsipp og organisatoriske endringar. Som tidlegare beskrive, vil kommunedirektøren i denne saka gjere ei første innleiande vurdering av innhaldet i rapporten. Framlegg til konkrete endringar vil skje i eigne prosessar i neste fase. Kommunedirektøren har følgjande merknadar og vurderingar knytt til KS Konsulent sine anbefalingar i delrapport 2:

- Det er viktig at prosjektet presenterer mål og prinsipp for organisering av kommunen. Dette vil vere eit sentralt «kompass» for det vidare arbeidet med organiseringa. Det er kommunedirektøren si vurdering at prinsippa som er vald er riktig i forhold til dei utfordringar kommunen har med dagens organisering, særleg knytt til sårbarheit, ineffektive arbeidsprosessar og manglande utviklingskraft.
- Med bakgrunn i dette er kommunedirektøren positiv til KS Konsulent si vurdering av ny organisasjonsstruktur med tre sektorar/kommunalområde og ein samla stab under ein stabsleiar.
- Kommunedirektøren er positiv til den nye leiarstrukturen, og ser at den kan bidra til å klargjere leiarrollene, ansvar, fullmakter og mynde. Det er særleg viktig å løfte einingsleiarrolla til ei strategisk utviklingsrolle, slik at kommunen blir betre på strategi, systembygging og utvikling.
- I framlegget til ny organisasjonsstruktur med ny leiarstruktur er det foreløpig presentert same tal leiarar som i dag, men det er færre leiarar på kommunalsjefnivå og på einingsleiarliv. I modellen er det lagt opp til eit leiarliv 3 som skal byggast opp etter behov og vere meir skreddarsydd for dei oppgåvene einingane skal løyse. Kommunedirektøren ser at dette kan gje eit handlingsrom på sikt til å kunne redusere talet leiarar og roller, og hente ut økonomiske gevinstar. Men at dette må avklarast gjennom organisasjonsprosessane. Dette vil også støtte målet om at endringar i organisering skal gje målbare økonomiske gevinstar på kort og/eller lang sikt (side 6 i delrapport 2).
- Rapporten beskriv også framlegg til endringar på einings- og avdelingsnivå. Endeleg utforming av einingar og avdelingar blir avklart i neste fase. Kommunedirektøren vil likevel kommentere nokre av dei endringsforslaga som ligg i rapporten.
- For sektor samfunnsutvikling er det foreslått å legge plan som ei eiga fagavdeling i stab til kommunalsjef. Kommunedirektøren meiner dette er eit fornuftig grep for å styrke planlegging som strategisk verktøy, og for å støtte opp om dei politiske måla om at kommunen må jobbe meir heilskapleg med planlegging. Med dei utfordringar kommunen har innan eigeomsforvaltning, drift og vedlikehald, ref. delrapport 1, ser kommunedirektøren det heilt nødvendig å etablere ei eiga eining for dette området, og at det blir utarbeida ein samla eigeomsstrategi som eit styringsdokument. Kommunedirektøren ser positivt på å samle kultur, frivilligheit og folkehelse i ei eining. Dette betyr at desse fagområda kan jobbe meir heilskapleg og koordinert, særleg ut mot kommunen sine innbyggjarar.
- For sektor oppvekst er det foreslått å samle støttetjenester som jobbar med barn og unge i ei samla eining. Kommunedirektøren meiner dette kan vere eit riktig grep for å jobbe meir koordinert og heilskapleg inn mot barn, unge og familiar. Dette er også

ei utfordring som er beskrevet i delrapport 1. Kommunedirektøren ser også positivt på å etablere eit prosjekt der vaksenopplæring blir vurdert inn mot mangfald og integrering.

- For sektor helse og velferd er det foreslått å samle all forvaltning og tildeling i ei fagavdeling i stab til kommunalsjef. Dette er i tråd med anbefalingane i delrapport 1. I utfordringsbeskrivinga til sektoren blir det lagt vekt på kompetansen i sektoren med fordel kan nyttast meir fleksibelt. Kommunedirektøren meiner det er viktig at dette blir grundig vurdert når einingsstrukturen skal avklarast i neste fase.
- Det er foreslått å opprette ein ny felles stabsorganisasjon under ein stabsleiar. Dette for å sikre meir fleksibel og robust organisering og heilskapleg koordinering. Målet er å sikre betre kapasitet til å utvikle styringssystem for heile organisasjonen, meir effektive arbeidsprosessar og meir kapasitet innan digitalisering/KI. Kommunedirektøren ser positivt på ein modell med ein felles stabsorganisasjon. Dette er område som i dag er sårbare, og det manglar kapasitet og kompetanse som naturleg høyrer heime i ein så stor forvaltningsorganisasjon.

Kommunedirektøren si tilråding: Kommunestyret tar delrapport 2, evaluering og justering av administrativ organisering, til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med å utvikle ei framtidretta organisering. Økonomiske konsekvensar av organisatoriske endringar må løftast fram i 2. tertialrapport eller i budsjettprosessen haust 2025.

3. Vurdering – næringsdrivande lege i Bekkjarvik

KS Konsulent har gjort ei vurdering knytt til etablering av næringsdrivande fastlege i Bekkjarvik. I vedtaket i sak 158/24 står det i punkt 2 at «Austevoll kommunestyre er grunnleggjande positiv til private fastlegar i Bekkjarvik, dersom dette kan realiserast utan ekstra kostnad for kommunen».

I KS Konsulent si samla vurdering er det lagt vekt på at kommunen har organisert dagens legeteneste på ein god måte med samlokalisering av legekontor og legevakt. KSK meiner at kommunen klart vil vinne på å vidareføre dagens modell med berre eitt legekontor der ressursar og fagmiljø er samla. Dette er vurdert opp mot følgjande kriteria:

- Kvalitetar på lokalar og utstyr
- Fagmiljø og kvalitet på tenesta
- Driftskostnadar
- Rekruttering
- Integrasjon med andre tenester.

Kommunedirektøren si tilråding: Per juni 2025 har kommunen ei fastlegeliste ledig, då ein av fastlegane ved legekantoret på Storebø har sagt opp. Basert på KS Konsulent sine vurderingar tilrår kommunedirektøren at denne fastlegelista blir lyst ut som ein del felles legekantor på Storebø. Det blir ikkje lyst ut ei fastlegeliste til næringsdrivande lege i Bekkjarvik.

4. Vidare arbeid med omstillingsprosjektet Framtid Austevoll

Prosjektrapporten som er lagt fram av KS Konsulent er eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid, både med strategi, økonomi og organisering. Første fase av omstillingsprosessen er gjennomført, og kommunedirektøren foreslår at prosjektet går over i neste fase (fase 2) med særleg fokus på gjennomføring og realisering av tiltak. Den vidare prosessen bør også vere prosjektorganisert med formannskapet som politisk styringsgruppe og kommunedirektøren si leiargruppe, hovudtillitsvalde og hovudverneombod som administrativ prosjektgruppe. Kommunedirektøren vil i første politiske møte til hausten legge fram eit mandat og ein tidsplan for det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren si tilråding: Austevoll kommunestyre vedtar at Framtid Austevoll omstillingsprosjektet går over i fase 2, med særleg fokus på gjennomføring og realisering. Formannskapet held fram som politisk styringsgruppe, og kommunedirektøren legg fram eit mandat for det vidare arbeidet i første politiske møte haust 2025.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Austevoll kommunestyre tar delrapport 1, økonomisk handlingsrom, til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren jobbe vidare med tiltaka og legge fram ein plan for gjennomføring og realisering i løpet av hausten 2025.
- Kommunestyret tar delrapport 2, evaluering og justering av administrativ organisering, til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med å utvikle ei framtidretta organisering. Økonomiske konsekvensar av organisatoriske endringar må løftast fram i 2. tertialrapport eller i budsjettprosessen haust 2025.
- Austevoll kommunestyre vedtar at det ikkje blir etablert ei næringsdrivande fastlegeliste i Bekkjarvik, i tråd med vurderingane i prosjektet.
- Austevoll kommunestyre vedtar at Framtid Austevoll omstillingsprosjektet går over i fase 2, med særleg fokus på gjennomføring og realisering. Formannskapet held fram som politisk styringsgruppe, og kommunedirektøren legg fram eit mandat for det vidare arbeidet i første politiske møte haust 2025.

Vedlegg

- 1 Framtid Austevoll_Delrapport 1 - Økonomisk handlingsrom
- 2 Framtid Austevoll_Delrapport 2 - Forslag til justering av adm organisering
- 3 Vedlegg_Innspel til adm organisering før høyring
- 4 HØYRINGSUTTALAR med frist 27. mai 2025